



*Ulla Skulehus Haramsøy*  
*Skjpa 11. april 2009 Bygd i 1886*

---

## **Styremøte Ulla Skulehus 17. oktober 2017**

Møtestad på Messenger

Til stades: Knut Hallvard Ulla, Randi Ulla Nogva og Peder Ulla

### **Sak 5 2017/2018**

#### **Varmepumpe**

Peder og Knut hadde synfaring på skulehuset saman med Oddgeir Otterlei i haustferien. Etter ein del diskusjon, kom vi fram til ei tilråding slik:

- utedelen skal festast ved å bore i muren på austveggen, om lag midt på slik at varmpumpa blir plassert midt mellom dei to vindauga i klasserommets austvegg.
- det blir altså ein kanal rett opp frå utedelen og inn til innedelen.
- innedelen blir plassert rett under ventilen på austveggen, midt mellom dei to vindauga, om lag 2 meter frå golvet.
- straumleidning går frå innedelen og ned til næraste kontakt ved golvet.

Vi har fått eit tilbod på kr 22000 inkl mva og montering. Det skal dekkjast med finansieringsordning som Oddgeir tilbyr. Rentefri kreditt.

Knut Hallvard tek kontakt med Oddgeir og bestiller varmpumpe og avtalar tidspunkt for montering.

### **Sak 6 2017/2018**

#### **Økonomi**

Vi har pr i dag inneståande på bank kr 59 000. Det inkluderer kr 5 000 i tilskot frå Sparebanken Møre etter søknad frå Randi. Vi skal kjøpe oppvaskmaskin til ca kr 18 000. Så ventar vi krav frå Jarle på arbeid og materiell på ca kr 15 000, forfall på kommunale avgifter, forsikring og straum på til saman ca 7 000 kr. Etter dette står det att ca kr 20 000 i banken.

Knut Hallvard Ulla  
Skrivar